

Saksbehandlar: Joakim Systaddal  
Sak nr.: 20/4702-3

## **Regionalplan for Sogn regionråd 2021-2024 - høyringsinnspel frå Sogndal kommune**

### **Rådmannen rår komite for samfunnsutvikling til å gje slik tilråding:**

Komite samfunnsutvikling rår formannskapet til å gje slik tilråding:

Formannskapet rår kommestyret til å gjere slik vedtak:

1. Sogndal kommune stiller seg bak dei fire hovudsatsingane og ti satsingsområda i planen.
2. Planen skapar eit godt grunnlag for eit styrka regionalt samarbeid i ei viktig tid, og gjev eit godt kunnskaps- og avgjerdsgrunnlag for vidare arbeid. Planen har god samanheng og forankring med Sogndal kommune sine overordna styringsdokument.
3. Det er kritisk viktig at satsingsområda vert følgt opp med praktisk handling og tydeleg prioritering i dei årlege handlingsplanane.

### **Vedlegg:**

Regional plan for Sogn 2021-2024

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Regionaplanen er Sogn Regionråd sitt overordna styringsdokument, og skal gjelde for åra 2021-2024. Planen er rådet sitt verktøy for legge opp arbeidet med å bidra til å utvikle regionen. I plandokumentet vert det understreka at regionalplanen bør ha ein samanheng med den enkelte kommune sin samfunnsplan og næringsplan.

Gjeldane planforslag er ei vidareføring av førre regionalplan, og har tidlegare vore eit grunnlag for eit partnerskap med fylkeskommunen om gjennomføring og finansiering av regionale utviklingsprosjekt. Vestland har ikkje på noverande tidspunkt avklara korleis dei ynskje å samspele med regionråda om utviklingsarbeid.

Planen har vore utarbeidd i samspel med politisk og administrativ leiing i kommunane, samt næringsnettverket som består av næringsutviklarane i regionen. Faktagrunnlaget er Telemarksforsking si regionale analyse av Sogn, samt andre relevante statistikkar og framskrivingar som gjev eit bilete av utfordringar og mogelegheiter i regionen. Planen skal med utgangspunkt i dette peike på nokre særleg viktige område som regionen skal jobbe saman om i planperioden.

Planstrukturen til regionrådet legg opp til årvisse handlingsplanar, både for regionalplanen og for samferdsleplan og overordna programplan for «System for styrka læring 2013-2021», som er ei regional

satsing på skulane. Arbeidet med planen starta 28/2/20, og planen skal endeleg vedtakast av regionrådet 21/4/21.

## 2. Vurderingar og konsekvensar

Fakta grunnlaget i planen peikar på folketalsutvikling, næringsattraktivitet og demografiske endringar. I sum kjem Sogn godt ut av regionalanalysen til Telemarksforsking, men bak dei summerte tala kjem det fram store interne skilnadar i regionen. Berre Sogndal og Luster har hatt fødselsoverskot dei siste 10 åra, og desse to kommunane, saman med Aurland, er dei einaste som har hatt folketalsauke i same periode. Størst er nedgangen i Høyanger og Årdal, som begge har store utfordringar med folketals- og demografiutviklinga. I framskrivingane for åra framover syner alle scenarioa folketalsnedgang for regionen under eitt. I perioden fram mot 2040 er det berre Sogndal som vil ha folketalsvekst i regionen, men ikkje nok til at regionen går i pluss.

Det overordna målet for Sogn Regionråd er «Vi skal vera ein pådrivar for å gjera Sogn attraktivt for innbyggjarar, næringsliv og besøkande». Det er vidare valt ut fire satsingsområde som skal bidra til å nå dette målet, med i alt 10 delsatsingar sortert under desse fire:



I tillegg støttar pilarane berekraft, påverknadsarbeid og samarbeid opp under alle temaa og satsingsområda.

Planen har eit godt faktagrunnlag, som er ein del av det grunnlaget som Sogndal kommune har lagt til grunn for arbeidet med eigne overordna styringsdokument. Det er såleis godt samsvar mellom satsingane til regionrådet og kommunen sine planar. Dette gjeld òg delsatsingane, der regionrådet har peika på det som er mest viktig å lukkast med i lag. Dei tre pilarane vert kritisk viktig å lukkast med dersom planen skal skape synlege og faktiske resultat i perioden.

Klimautfordringa krev lokal handling kombinert med regionalt samarbeid og kompetanseutvikling som kjem heile regionen til gode. Berekraftsmåla vil ligge til grunn for all offentlig verksemd i åra som kjem, og den naudsynte omstillinga kjem til å krevje både prioriteringar, økonomi og målretta arbeid dersom kommunane i Sogn skal gjere sin del av jobben. Regionrådet skal gjennom regionalplanen bidra til at Sogn vert ein berekraftig region. Det er ein krevjande ambisjon som vil krevje det beste av regionen av aktivt og konkret

samskaping. Sogndal kommune har tydelege mål og ambisjonar med eige klimaarbeid, og vil trenge gode regionale samarbeid for å lukkast fullt ut i arbeidet med å nå desse måla.

Pilaren påverknadsarbeid er truleg det området der regionrådet har den tydlegaste rolla. Rammevilkåra vil halde fram med å endre seg i åra som kjem, og i dei prosessane treng regionen å stå fram med ei tydeleg og klår stemme. Sogn har lange tradisjonar for å jobbe saman i regionen, men møtereferata frå dei siste åra syner få spor etter konkrete politiske samarbeid som set regionen på kartet. Planen peikar særleg på arbeidskapasitet til politisk påverknadsarbeid som ein viktig føresetnad. Dette er i tråd med Sogndal kommune sine planar, forankra i politisk plattformdokument for den nye kommunen, strategisk plan for nærings- og samfunnsutvikling samt måla for budsjett og økonomiplan. Dette må forståast som ei vesentleg styrking av denne delen av det regionale arbeidet samanlikna med i dag.

Regionane si rolle er i endring, noko planen også peikar på i innleiinga. For den enkelte kommune er det viktigare enn nokon gang at ein tek ut potensialet ein har saman med naboane i regionen dersom ein skal halde følgje med utviklinga i regionane rundt oss. Regionreforma og den nye Vestland fylkeskommunen tvingar kommunane og regionråda til å aktivt ta stilling til kva ein vil, og korleis ein vil jobbe for å sikre at regionen tek ein ynskt posisjon, og at satsingsområda vert omsett i praktisk politikk og arbeid i regionen. Planen peikar på verdien av samarbeid, både med relevante eksterne partar, og internt mellom kommunane. I tillegg til ei styrking av påverknadsarbeidet, er dette det viktigaste momentet i planen. Sogndal peikar i eigne styringsdokument på at potensialet for regionale samarbeid i all hovudsak er unytta i dag. Mange av kommunane jobbar med dei same fag- og utviklingsområda med små ressursar, og det praktiske og konkrete samarbeidet er i liten grad utvikla i regionen. Sogndal har ei særleg rolle i denne typen samarbeid, og vil i mange høve vere den som har ressursane og fagmiljøa som kan vere vanskeleg å bygge opp i dei mindre kommunane. Sogndal kommune, særleg etter samanslåinga, bør difor vere endå tydelegare på dele erfaringar med dei andre kommunane i regionen, og vere ein initiativtakar til meir regionalt samarbeid som også dei mindre kommunane har høve til å vere med på.

#### **4. Konklusjon**

Samtlege av dei til saman 10 satsingsområda samsvarar og heng godt saman med Sogndal kommune sine overordna styringsdokument og eigne satsingar. Sogndal kommune peikar også på desse som særleg relevante for regionalt samarbeid, og har ressursar i eigen organisasjon og tenesteportefølje som kan og vil delta i regionale prosessar. Områda er tydelege, spissa og konkrete. Samstundes krev dei mykje av den einskilde kommune, og dei krev at det vert sett av og prioritert ressursar til å fylgje opp det viktige felles arbeidet. Ei samla, systematisk og tydeleg satsing på desse ti områda vil kunne posisjonere Sogn som ein sterk region prega av livskvalitet og skaparkraft. Då må planen fylgjast opp med aktiv handling, tydeleg ressursbruk og strukturert oppfølging gjennom heile perioden. Dette vil vere den klårt viktigaste suksessfaktoren.